

# DELEGASJONSREGLEMENT

## 1. GENERELL RAMME

### 1.1 *Delegasjon*

Kommunestyret og andre politiske organ kan gi rådmannen mynde til å treffe avgjerder i enkeltsaker eller type saker som ikkje er av prinsipiell karakter, jf. KommuneLOVA § 23,3.pkt.

Kommunestyret og andre politiske organ si delegering av mynde til rådmannen vil gå fram av dette dokumentet. Rådmannen si vidaredelegering av mynde vil gå fram av eit eige dokument.

## 2. STYRINGS- OG AVGJERDSFULLMAKT

### 2.1 *Administrasjon og personalforvaltning m.m.*

#### 2.1.1 **Oppretting og nedlegging av stillingar**

Rådmannen har mynde til å oppretta og leggja ned stillingar (faste og mellombels) i dei høve der tiltaket er i samsvar med årsbudsjettet og økonomiplanen, jf. kommunelova § 24 pkt. 1.

#### 2.1.2 **Tilsetjing**

Rådmannen har mynde til å tilsetja i alle stillingar med unntak av rådmann jf. kommunelova § 22 pkt. 2.

#### 2.1.3 **Løn- og personalspørsmål**

Rådmannen har mynde til å treffa vedtak i alle saker om løn- og personalspørsmål i samsvar med vedtekne planar, reglement og retningsliner, jf. kommunelova § 24 pkt. 1.

#### 2.1.4 **Reglement og påskjønning**

Rådmannen har mynde å gi påskjønning til kommunalt tilsette, i samsvar med vedtekne retningsliner.

#### 2.1.5 **Tenestetelefon, køyre- og flyttegodtgjersle**

Rådmannen har mynde til å tildela og inndra tenestetelefonar, gi flyttegodtgjersle og gi generell køyregodtgjersle til kommunalt tilsette i samsvar med vedtekne retningsliner og reglement.

#### 2.1.6 **Arbeidsmarknadstiltak**

Rådmannen har mynde til å oppretta eller å leggja ned sysselsetjingstiltak som er i samsvar med godkjende avtalar og tilsegn for arbeidsmarknadstiltak og som er i samsvar med årsbudsjett og økonomiplan.

#### 2.1.7 **Tingingar med arbeidstakarorganisasjonane**

Rådmannen har mynde til å gjennomføra forhandlingar med arbeidstakarorganisasjonane om løns- og arbeidsvilkår for tilsette i samsvar med gjeldande avtaleverk og kommunen sin løns- og personalpolitikk.

## **2.2 Handel, sal, servering og skjenking med meir**

### **2.2.1 Sal av bustadtomter**

Rådmannen har mynde til å selje kommunale bustadtomter i samsvar med rammer og fullmakter overordna politisk organ har gitt. Dette gjeld kurante saker. Saker der det er tvil eller tvist, skal leggast fram Forvaltningsstyret.

### **2.2.2 Sal av mindre restareal**

Rådmannen har mynde til å selje rest – og småareal som tilleggsareal til eksisterande tomter i kommunale byggefelt dersom grendautvala ikkje har merknader. K-sak 0032/03 og K-sak 0057/05.

Sal til reduserte prisar skal handsamast av Forvaltningsstyret.

### **2.2.3 Fullmakt etter serveringslova**

Rådmannen har mynde til, innanfor dei rammer som folkevald organ til ei kvar tid set, å ta avgjerder etter Lov om serveringsverksemd (serveringslova), så langt lova gjev høve til det og i samsvar med Forskrift om opningstid/skjenketid for servering/skjenking for Volda kommune.

### **2.2.4 Fullmakt etter alkohollova**

Rådmannen har mynde til, innanfor dei rammer som folkevald organ til ei kvar tid set, å ta avgjerder i saker etter Alkohollova av 2.6.1989 så langt lova gjev høve til det, og i samsvar med Edruskapspolitisk handlingsplan for Volda kommune og Forskrift om Opningstid/skjenketid for serverings/skjenking i Volda kommune.

## **2.3 Økonomistyring m.m.**

### **2.3.1 Budsjett og økonomiplan**

Rådmannen har mynde og avgjerdsrett innanfor dei avgrensingar som lovgjevinga som lovgjevinga set, og i samsvar med budsjettreglement for Volda kommune vedteke av kommunestyret (K-sak 0077/05).

Alle tiltak av økonomisk karakter skal skje innanfor tildelte rammer i budsjett og økonomiplan.

### **2.3.2 Tilvisingsreglement**

Rådmannen har tilvisingsmynde gitt i K-sak 168/93 den 25.11.1993 med slik formulering:

”I samsvar med § 22 nr. 4 i Kommunelova vert tilvisingsmynde delegert til rådmannen, med følgjande unnatak:

Ordføraren får tilvisingsmynde for alle utbetalingar til rådmannen”.

### **2.3.3 Innkjøps- og investeringsområdet**

#### **2.3.3.1 Innkjøp etter innkjøpsinstruks**

Rådmannen har mynde til å gjere innkjøp på vegne av Volda kommune i samsvar med innkjøpsinstruksen.

Innkjøpsområdet er regulert av innkjøpsinstruks for Volda kommune, vedteke av kommunestyret den 26.2.1998 i sak 0030/98.

Innkjøpsinstruksen er arkivert under: F:\Reglement\POLITISK.

Direkte innkjøp (inntil kr 50.000) er regulert i kapittel 6 i innkjøpsinstruksen.

#### **2.3.3.2 Innkjøp unnateke innkjøpsinstruks (sjå § 1 punkt 2 a - f i instruksen)**

##### **a) Innkjøp etter EØS-avtalen og WTO-avtalen**

Rådmannen har mynde til å gjere slike innkjøp når forskriftene til gjennomføring av reglane i EØS-avtalen og WTO-avtalen om offentlege innkjøp er følgde.

##### **b) Tilsetjingar**

Sjå punkt 2.3.5.

##### **c) Innkjøp på børser/råvarebørs eller tilsvarende marknad**

Rådmannen har fullmakt til å gjere slike innkjøp når dei vert gjorde etter ei anbuds-/tilbudsrunde.

#### **d) Innkjøp etter rammeavtalar**

Rådmannen har mynde til å gjere innkjøp etter rammeavtalar.  
Rammeavtalar er omtala i § 20 i innkjøpsinstruksen.

### **2.3.4 Overføringsområdet**

#### **2.3.4.1 Formidlingsordningar frå Husbanken**

Rådmannen har mynde til handtering av formidlingsordningane frå Husbanken gitt i K-sak 0003/03 for startlån og tilskot til etablering og K-sak 0004/04 når det gjeld lån til utbetring og tilskot til tilpassing.

#### **2.3.4.2 Tilskot til livssyns- og trussamfunn**

Rådmannen har mynde til å handtere og avgjere søknader om tilskot til livssyns- og trussamfunn.

Faste rutiner gjeldande frå 01.01.2002 er arkivert under  
F:\Reglement\Sakshandsaming\trussamfunn.

### **2.3.5 Lønsområdet**

#### **2.3.5.1 Fast løn**

Rådmannen har mynde til å tilvise løn for faste tilsetjingar gjorde i samsvar med tilsetjingsreglementet (sist revidert 01.01.2001).

Tilsetjings-reglementet er arkivert under F:\Reglement\Tilsette ny org.

#### **2.3.5.2 Variabel løn**

Rådmannen har mynde til å gjere mellombelse tilsetjingar for inntil 6 månader – jf. pkt. 5 i tilsetjingsreglementet. Han har også mynde til å tilvise løn for slike tilsetjingar.

Tilsetjingsreglementet er arkivert under F:\Reglement\Tilsette ny org.

### **2.3.6 Salsområdet.**

#### **2.3.6.1 Mynde til vekkskriving av ufåande enkeltkrav**

Rådmannen har fullmakt til å utgiftsføre enkeltkrav på inntil kr 50.000 når han vurderer kravet som ufåande eller at ei vidare oppfylgjing av saka vil føre til direkte utgift for kommunen (K-sak 0057/00 den 25.05.2000).

### **2.3.7 Forvaltning**

#### **2.3.7.1 Finansforvaltning**

Rådmannen har mynde innanfor rammer gitt i reglement for finansforvaltning for Volda kommune vedteke av kommunestyret (K-sak 0087/02) den 24.10.2002.

## **2.4 Grunnskulespørsmål**

#### **2.4.1 Elevsaker**

Rådmannen har mynde til å ta avgjerd i saker innafor Opplæringslova og Vaksenopplæringslova i alle typar elevsaker, inkludert spesialpedagogisk hjelp til barn under skulealder.

#### **2.4.2 Skulefritidsordninga**

Rådmannen har mynde til å ta avgjerd i alle saker som gjeld born i skulefritidsordninga, herunder optak av born.

- 2.4.3 Kulturskulesaker**  
Rådmannen har mynde til å ta avgjerd i alle elevsaker i kulturskulen, herunder opptak av elever.
- 2.4.4 Godkjenning**  
Rådmannen har mynde til å godkjenne private skulefritidsordningar
- 2.4.5 Skulebygningar**  
Rådmannen har mynde til å disponere skulebygningane i kommunen, herunder eventuell utleige av desse.
- 2.4.6 Vedtak etter Introduksjonslova**  
Rådmannen har mynde til å treffe vedtak og ta avgjerd etter introduksjonslova.

## **2.5 Barnehagespørsmål**

- 2.5.1 Opptak av barn i barnehage.**  
Rådmannen har mynde til å ta avgjerd i saker om opptak av barn i barnehagar.
- 2.5.2 Tildeling av kommunalt driftstilskot til private barnehagar jf § 7B**  
Rådmannen har mynde til å tildele kommunalt driftstilskot til private barnehagar innaford budsjett og kommunale retningsliner.
- 2.5.3 Dispensasjon frå utdanningskravet m.m. jf barnehagelova § 16**  
Rådmannen har mynde til å ta avgjerd i saker innanfor barnehagelova sine rammer vedk. dispensasjon frå utdanningskravet for styrar/pedagogisk leiar i barnehagar, jf. Barnehagelova § 16.
- 2.5.4 Godkjenning av barnehagar og lokale til barnehagedrift jf barnehagelova § 8, 12,13 og 14**  
Rådmannen har mynde til å ta avgjerder i saker innanfor barnehagelova sine rammer Vedkomande godkjenning av lokalar til barnehagedrift.
- 2.5.5 Tilsyn, jf. barnehagelova § 10**  
Rådmannen fører tilsyn med og skal gi rettleiing til verksemder etter barnehagelova. Ved ulovleg eller uforsvarleg drift kan rådmannen gjere vedtak om stenging.

## **2.6 Barnevern**

- 2.6.1 Vedtak etter Lov om barneverntenester**  
Rådmannen har mynde til å treffe vedtak og ta avgjerd etter Lov om barneverntenester innanfor dei rammer og i samsvar med dei retningsliner som overordna politisk organ har sett med heimel i lova eller føresegner gitt med heimel i lova, når desse oppgåvene ikkje er lagt til Fylkesnemnda eller til leiar for Barneverntenesta, jf. § 2-1.

## **2.7 Helsepørsmål**

- 2.7.1 Vedtak etter Lov om helsetenester i kommunene**  
Rådmannen har mynde til å gjere vedtak og ta avgjerd i saker etter lova med unntak av fullmakter som er delegert direkte til kommuneoverlege.
- 2.7.2 Vedtak etter Lov om helsetenester i kommunene §4A – miljøretta helsevern.**  
Rådmannen har mynde til å treffe vedtak og avgjerd etter lova med unntak av mynde nemnd i
- §4a – 4,4.ledd
  - §4a - 10
  - §4a – 11,3.ledd

### **2.7.3 Vedtak etter Lov om vern mot tobakkskader av 9. mars 1973 nr.14.**

Rådmannen har mynde til å fatte vedtak og avgjerd etter lova så langt mynde etter lova er lagt til kommunale organ.

### **2.7.4 Vedtak etter smittevernlova av 5. august 1994**

Rådmannen har mynde til å fatte vedtak og avgjerd etter lova så langt ikkje mynde er lagt til særlege fagorgan eller fagpersonar.

## **2.8. Sosiale spørsmål.**

### **2.8.1 Lov om sosiale tenester**

Rådmannen har mynde til å treffe vedtak etter

- § 4 – 5 (tildeling av mellombels husvere)
- kap. 5 (økonomisk tilskot)
- kap. 6 (tiltak overfor rusmiddelmissbrukarar)
- § 11 – 2 (krav om vederlag hos mottakarar av sosiale ytingar)

## **2.9 Pleie - og omsorgstenester**

### **2.9.1 Vedtak etter lov om helsetenester i kommunane § 2-3 om fastsetjing av vederlag for helsetenester – og vedtak etter lov om sosiale tenester §11-2 om fastsetjing av vederlag for sosiale tenester**

Rådmannen har mynde til å gjere vedtak og ta avgjerder i saker etter

1. Lov om helsetenester i kommunane § 2-3, jf. Forskrift om vederlag for opphald i institusjon § 3, vederlag for langtidsopphald.
2. Lov om helsetenester i kommunane § 2-3, jf. Forskrift om vederlag for opphald i institusjon § 4, vederlag for korttidsopphald  
Lov om sosiale tenester §11-2, jf. Forskrift til lova sitt kap.8 om vederlag/ eigenbetaling for sosiale tenester, heimesjukepleie m.v. jf. også Lov om helsetenester i kommunane §2-3 femte ledd.

### **2.9.2 Tildeling av plass i bufellesskap og omsorgsbustader**

Rådmannen er gitt all mynde til å tildele plass i bufellesskap og omsorgsbustader

### **2.9.3 Vedtak etter Lov om sosiale tenester § 4-2d, plass i institusjon eller bustad med heildøgns omsorgstenester og Lov om helsetenester i kommunane § 1-3, 2.ledd pkt.5, sjukeheim eller boform for heildøgns omsorg og pleie – og i samsvar med kommunale retningslinjer.**

Rådmannen er gitt all mynde til å gjere vedtak etter

1. Lov om sosiale tenester § 4-2d, plass i institusjon eller bustad med heildøgns omsorg  
Lov om helsetenester i kommunane §1-3, 2.ledd pkt.5, sjukeheim eller boform for heildøgns omsorg og pleie

### **2.9.4 Lov om sosiale tenester § 4-2a, praktisk bistand, § 4-2c, støttekontakt, § 4-2e, omsorgsløn, § 4-2f brukarstyrt personleg assistent**

Rådmannen er gitt all mynde til å gjere vedtak etter

1. Lov om sosiale tenester § 4-2a, praktisk bistand og opplæring
2. § 4- 2b avlastningstiltak
3. § 4-2c, støttekontakt
4. § 4-2e, omsorgsløn
5. § 4-2f, brukarstyrt personleg assistent

## **2.10 Bustadspørsmål, inkl. økonomiske og sosiale reglar.**

### **2.10.1 Tildeling av kommunalt husvære**

Rådmannen har mynde til å tildele kommunalt husvære.

### **2.10.2 Fastsetjing av husleige**

Rådmannen har mynde til å fastsetje husleige i samsvar med budsjettvedtak og husleigelova sine reglar.

### **2.10.3 Krav om utkastning**

Rådmannen har mynde til å sette fram krav om utkastning frå kommunalt husvære der leigetakar har brote husleigevilkår eller andre avtalar, eller på annan måte misleghalde desse.

### **2.10.4 Tildeling av lån og tilskot.**

Rådmannen har mynde til å handsame saker om startlån, utbetringslån, etablerings – og utbetringstilskot etter reglar fastsett av statleg organ og av Kommunestyret.

### **2.10.5 Leige av private husvære for flyktningar**

Rådmannen har mynde til å leige private husvære til busetjing av flyktningar.

## **2.11 Kulturspørsmål.**

### **2.11.1 Avgjerder etter lov om friluftsliv av 28. juni 1957**

Rådmannen har mynde til å forvalta lova.

### **2.11.3 Avgjerder etter Lov om kulturminner av 9.juni 1978**

Rådmannen har mynde til å følgja opp den delen av lova som ikkje er forvalta av Fylket eller Riksantikvaren.

### **2.11.5 KULTUR OG KYRKJEDEP. –Forskrifter for Tilskot til anlegg for idrett og friluftsliv, V-0732.**

Teknisk godkjenning av anlegg , jf. Forskriftene pkt. 2.6, så langt dette er delegert til kommunen, vert delegert til rådmannen.

## **2.12 Oppgaver etter Plan- og bygningslova, delingslova med meir.**

### **2.12.1 Plan- og bygninglova**

Sjå *Reglement for styre, råd og utval i Volda kommune.*

Rådmannen har fullmakt til å stoppe ulovleg arbeid eller ulovleg bruk. Han har og fullmakt til å krevje hjelp frå politiet og krevje at ulovleg arbeid vert fjerna eller retta. Rådmannen har og fullmakt til å følgje opp reglane i kap. 32.

### **2.12.2 Lov om eierseksjoner av 23. mai 1997**

Rådmannen har mynde til å gjera vedtak etter [lov om eierseksjoner](#).

### **2.12.3 Lov om kartlegging, deling og registrering av grunneigedom av 23. juni 1978**

Rådmannen har med heimel i delingslova § 1-2 mynde til å halde kart- og delingsforretning, med unntak av bruk som ligg under offentleg jordskifte og som skal handsamast av jordskifteretten.

Vidare har rådmannen med heimel i delingslova § 2-1 mynde til å krevja kartforretning over grunneigedom og fest grunn.

#### **2.12.4 Krav om tilknytning til offentlig vass – og avlaupsledning**

Rådmannen har mynde til å krevje tilknytning til offentlig vassleidning og offentlig avlaupsledning, jf. § 65,2, 3 og 4.ledd og § 66 pkt.2 2. og 3. ledd.

### **2.13 Saker som gjeld kommunalteknisk avdeling m.fl.**

#### **2.13.1.1 Saker etter lov om forurensing av 13. mars 1981 nr. 6**

##### **2.13.1.2 Generell delegasjon**

Rådmannen har mynde etter § 83 i ikkje prinsipielle saker.

##### **2.13.1.3 Vedtak etter §§ 22, 26 og 35**

Rådmannen har mynde til å ta avgjer i spørsmål om omlegging eller utbetring av stikkleidning,22,2.ledd,om utkobling av slamavskillar, §26 i.f, om oppsetting og tømning av avfallsbeholdarar og om opprydding etter stemne, §35, og om fjerning av avfall, §37.

##### **2.13.1.4 Vedtak etter §7,4.ledd**

Rådmannen her mynde til, innafor kommunen sitt ansvarsområde, å gje pålegg om tiltak for å hindra eller stansa forureining.

##### **2.13.1.5 Vedtak eter §35,4.ledd**

Rådmannen har mynde til å gje pålegg som er påkrevd i samband med handtering av avfall frå utsalstadar, turistanlegg og utfartsstadar m.v.

##### **2.13.1.6 Vedtak etter §37,jfr §28**

Rådmannen har mynde til å gje pålegg om å rydda opp avfall eller betala for opprydding.

##### **2.13.1.7 Vedtak etter § 37**

Rådmannen har mynde til å gje pålegg om assistanse ved akutt forureining.

##### **2.13.1.8 Vedtak etter § 48, jf. §28**

Rådmannen har mynde til å føre tilsyn med den allmenne forurensingssituasjonen.

##### **2.13.1.8 Vedtak etter §29**

Rådmannen har mynde til å treffe vedtak om opplysningsplikt.

##### **2.13.1.9 Vedtak etter §50**

Rådmannen har mynde til å foreta gransking vedk. allmenn forureining.

##### **2.13.1.10 Vedtak etter § 51**

Rådmannen har mynde til å gje pålegg om undersøking av tiltak som kan føre til forureining.

##### **2.13.1.11 Fastsetja og fråfalla gebyr**

Rådmannen har mynde til å fastsetje og fråfalle forureiningsgebyr for forhold i strid med §§49, 50 og 51, jf. §73.

##### **2.13.1.12 Krav om påtale**

Rådmannen har mynde til, innanfor kommunen sitt ansvarsområde, å krevje påtale ved forureining og ulovleg handtering av avfall, jf. §§ 73,3.ledd og 79,3.ledd.

##### **2.13.1.13 Vedtak – utslepp avløpsanlegg**

Rådmannen har mynde til å fatte vedtak med heimel i Forskrift T – 1331 av 12. april 2000 Forskrift om utslipp frå mindre avløpsanlegg.

## **2.14 Andre tekniske oppgaver**

### **2.14.1 Fråsegn fylkes-, riks-, og europavegar**

Rådmannen har mynde til å gi fråsegn til søknader om avkjørsle til fylkes-, riks- og europavegar.

### **2.14.2 Representasjon i naboTvistsaker**

Rådmannen har mynde til å opptre på kommunen sine vegne i naboTvistforhold etter Lov om rettshøve mellom grannar av 16. juni 1963 nr. 15.

### **2.14.3 Kommunal vegstyresmakt**

Rådmannen har mynde til å vere vegstyresmakt i alle saker av ikkje prinsipiell art etter Veglova av 21. juni 1963 nr. 23.

### **2.14.4 Forvaltning av skiltføresegnene**

Rådmannen har fullmakt etter §§ 26, 28, 29 og 30 i Skiltføresegnene av 10. oktober 1980 med seinare endringar.

### **2.14.5 Representasjon i kart – og delingsforretning**

Rådmannen har mynde til å møte på kommunen sine vegne ved kart – og delingsforretningar.

## **2.15 Hamnespørsmål**

Rådmannen har mynde til på kommunen sine vegne å fastsetje betalingssatsar for bruk av kommunale kaiar.

## **2.16 Jord, skog, mv.**

### **2.16.1 Lakse- og innlandsfiskelova**

Rådmannen har mynde til å ta avgjerd i saker som ikkje er av prinsipiell art etter lov om laksefisk og innlandsfisk m.m. av 15. mai 1992 nr. 47 med seinare endringar og tilhøyrande forskrifter.

### **2.16.2 Jordlovsaker**

Rådmannen har mynde til å ta avgjerd i saker som ikkje er av prinsipiell art etter jordlova av 12. mai 1995 nr. 23 med seinare endringar og tilhøyrande forskrifter.

### **2.16.3 Odelslovsaker**

Rådmannen har mynde til å ta avgjerd i saker som ikkje er av prinsipiell art etter odelslova av 28. juni 1974 nr. 58 med seinare endringar og tilhøyrande forskrifter.

### **2.16.4 Konesjonslovsaker**

Rådmannen har mynde til å ta avgjerd i saker som ikkje er av prinsipiell art etter konesjonslova av 28. november 2003 nr. 98 med seinare endringar og tilhøyrande forskrifter.

### **2.16.5 Skogbrukslovsaker**

Rådmannen har mynde til å ta avgjerd i saker som ikkje er av prinsipiell art etter skogbrukslova av 21. mai 1965 med seinare endringar og tilhøyrande forskrifter

### **2.16.6 Forpaktingslovsaker**

Rådmannen har mynde til å ta avgjerd i saker som ikkje er av prinsipiell art etter forpaktingslova av 25. juni 1965 nr. 1 med seinare endringar og tilhøyrande forskrifter.

### **2.16.7 Viltlovsaker**

Rådmannen har mynde til å ta avgjerd i saker som ikkje er av prinsipiell art etter viltlova av 29. mai 1981 nr. 38 med seinare endringar og tilhøyrande forskrifter

**2.16.8 Motorferdsel i utmark.**

Rådmannen har mynde til på kommunen sine vegne å gjere vedtak i saker etter § 6 i Lov om motorferdsel i utmark av 10. juni 1977 nr. 82 med seinare endringar og tilhøyrande forskrifter.

**2.17 Vedtak etter brann- og eksplosjonsvernlova**

Sjå eige delegasjonsvedtak i K-sak 107/02.